

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 28.04.2008
Sakhandsamar: Leif Johan Røthe, Hans Stenby, Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Sandviken - nytt bygg for stemningslidingar**

Arkivsak
2008/1/300
Styresak 039/08 B

Styremøte 07.05. 2008

Innleiing:

Styret i Helse Bergen HF har behandla saken om Nytt bygg for Avdeling for stemningslidingar i to styresaker.
Første gang i sak 71/07 der styret ba om ytterligere underlag og eit nytt saksframlegg vedrørende utbygginga.

Neste styrebehandling var 07.12.2007 i sak 80/07 der følgjande vedtak vart fatta:

Styret i Helse Bergen HF vedtar prosjektet "Nytt bygg for stemningslidingar" og tilrår at Helse Vest godkjenner prosjektet og at dette vert realisert i samsvar med planane slik det går fram av utarbeidd forprosjekt

Kommentarar:

1. Arealplan for Helse Bergen HF

Arealplanen viser korleis Helse Bergen HF kan utvikla bygningsmassen sin på Haukeland og på Sandviken. Innan psykisk helse inneber planen at funksjonane innan vaksenpsykiatri med unntak av psykosomatisk medisin blir samla på Sandviken.

Ei samling på Sandviken vil kunne gi ein meir optimal drift samstundes som det frigjer areal til andre føremål på Haukelandsområdet. Det må også leggst til at dagens lokale på Haukeland er særst dårlege og blir drivne med midlertidig godkjenning frå Sosial- og helsedirektoratet.

For å kunne imøtekoma denne omlegginga er det behov for ombygging og utviding av bygningsmassen på Sandviken/Martens-område.

Utbygginga er planlagd i 3 byggetrinn:

- Trinn 1: Nytt psykiatrisk akuttmottak
- Trinn 2: Nytt bygg for pasientar med stemningslidingar
- Trinn 3: Tilbygg ved Dr. Martens for unge schizofrene pasientar.

Nytt psykiatrisk akuttmottak er ferdigstilt no og klar til å tas i bruk.

Nytt bygg for stemningslidingar er byggetrinn 2 i utbyggingsplanen.

Etter den samla utbygginga på Sandviken vil helseføretaket kunne tilby vaksne psykiatriske pasientar behandling i sjukehuslokale som tilfredsstillar forskriftsmessige krav til materiell standard som gjeld for institusjonar innan tvungen psykisk helsevern.

Prosjektet inngår i opptrappingsplanen for psykiatri.

2. Funksjonar, dimensjonering og plassering

Postane innan vaksenpsykiatrien er i dag dels lokalisert på Sandviken og dels på Haukeland.

Byggetrinn 1, nytt psykiatrisk akuttmottak, er no ferdig. Etter oppussing vil dei gamle lokala kunne takast i bruk til ordinære sengepostar. Det gjer det mogeleg å flytta to sengepostar frå Haukeland til Sandviken.

For å flytta den siste posten for stemningslidingar er det naudsynt med eit nytt bygg. Bygget er planlagt oppført på deler av dagens parkeringstomt, jf vedlagt situasjonsplan.

Bygget er planlagt å innehalde to sengepostar med til saman 16 plassar, samt ein gymnastikksal/eit terapiareal og behandlarkontor. Terapiarealet skal dekkja alle pasientane på Sandviken.

Bygget er planlagt med ca 100 kvm pr sengeplass som kan synast noko høgt.

Ein forklaring er at alle plassane er tilrettelagt for pasientar som kan leggast inn på tvungent psykisk helsevern.

Prosjektet har ikkje konsekvensar for regional oppgåve- og funksjonsfordeling.

3. Investeringskostnader

Totale byggekostnader er berekna til å koste 76,6 millionar. I denne summen er det lagt inn ei forventa prisstigning på 6 % og ein margin på 10 % til utforutsette kostnader. Summen inneheld også byggjelånsrenter.

Investeringa var opphavleg planlagt gjennomført med kr 17,5 mill i 2006 og kr 40 mill i 2007. Det er gitt lån til prosjektet med kr 40 mill i 2007. Lånet er utbetalt i slutten av 2007 og må dekke den delen av investeringa på kr 40 mill som opphavleg var føresett gjennomført i 2007. Helse Vest legg her til grunn at dei kr 17,5 mill som var føresett finansiert gjennom kapitaltilskot i 2006 er tilgjengeleg innafor Helse Bergen HF sin samla likviditetsramme. Investeringa blir då finansiert på følgjande måte:

Overført frå tidlegare investeringsbudsjett	kr	17,5 mill
Opptak av lån til investeringar i 2007	kr	40,0 mill
Innafor kapitaltilskot/investeringsramme 2008	kr	10,0 mill
Innafor kapitaltilskot/investeringsramme 2009	<u>kr</u>	<u>9,1 mill</u>
Sum finansiering	<u>kr</u>	<u>76,6 mill</u>

Aktiviteten i bygget vil bli vidareført innafor same driftsramme som i dag og driftskostnadane vil såleis bli uendra. Helse Bergen HF har berekna kostnaden knytt til avskrivning og renter til kr 5,7 mill første år. Den auka kostnaden må dekkast innafor driftsramma og det må gjerast nødvendige effektiviseringar slik at resultatkrav i balanse blir innfridd.

4. Eigedom

4.1 Byggetekniske løysningar

Nybyggingsprosjektet omfattar bygging av eit nytt bygg på ca. 2254 m² (brutto). Det nye bygget er planlagt med eit moderne formspråk med fasadar i glas, tegl og pussa betong. Tilkomst til bygget blir frå parkeringsplassen og via ein overbygd gangveg frå hovudinngangen til bygg K.

Dei utflytta areala som vert frigjorde ved overflytting til nye areal er tatt med i den Generalplanen som er laga for Helse Bergen HF.

4.2 Kontrahering av leverandørar.

Byggeprosessen vil bli gjennomført som ein totalentreprise. Fordelen er ein raskare gjennomføring av prosjekteringa.

Anskaffingane vil bli gjennomført etter gjeldande regelverk for offentlige bygg.

4.3 Framdrift

Helse Bergen HF har planlagt følgende gjennomføring av prosjektet:

- Utlysning av totalentreprise i løpet av våren 2008
- Valg av leverandør rundt sommeren 2008.
- Byggetid stipulert til 1 år
- Forventet ferdigstillelse sommeren 2009.

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Vest RHF godkjenner bygging av nytt bygg for stemningslidingar ved Sandviken med ei total kostnadsramme på 76,6 millionar.

Vedtaket bygger på Helse Bergen HF styret sitt vedtak i styresak 80/07.

Styret godkjenner ei finansiering av "Sandviken, Nytt bygg for stemningslidingar" kor kr. 40 millionar er gitt som lån og resterande del blir dekkja innafor kapitaltilskot i basisramma.

Styret set som føresetnad at dei auka driftskostnadane ved denne utbygginga på 5,7 millionar blir innarbeide i dei samla driftsbudsjettet for føretaket .